



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jan Torry Sande	FE-033	21/443

Saksnr	Utval	Type	Dato
083/21	Formannskapet	PS	20.10.2021
072/21	Kommunestyret	PS	28.10.2021

Delegeringsreglement 2021 - stadfesting av vedtak

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Delegeringsreglementet vart rullert i k-sak 066/20, vedteke 22.10.2020. Delegeringsreglementet fekk ny form ved at Fedje kommune tok i bruk platforma «KF Delegering». I handsaminga var det semje om at den nye platforma var svært ulik delegeringsreglementet slik det var formulert tidlegare. Den er større i omfang og har ei anna oppbygging. Difor ønska kommunestyret å handsame valet om å ta i bruk «KF Delegering» på nytt etter eit års bruk.

Det er ikkje kome meldingar frå politikarar, eller tilsette i administrasjonen, om at denne platforma ikkje er eigna for formålet.

Vurdering.

Den nye malen gjer det enklare å halde delegeringsreglementet oppdatert, då KF informerer om endringar i regelverk fortløpande. Platforma «KF Delegering» gjer det lettare for Fedje kommune å skaffe seg oversyn over regeleverk som regulerer kommunen sine tenester og drift. Platforma er oversiktleg, den er enkel å oppdatere og den inneber eit abonnement der kommunen får beskjed

Publiseringa av delegeringsreglementet på Fedje kommune sine heimesider gjer reglementet svært tilgjengeleg for politikarar, innbyggjarar, journalister og andre interesserte.

Folkehelse

Miljø

Økonomi: Platforma «KF Delegering» medfører ein årleg kostnad for Fedje kommune.

Konklusjon



Fedje kommune

Fedje kommune er tent med, og bør fortsette med, å bruke platforma «KF Delegering» for publisering og arbeid med delegeringsreglementet.

Forslag til vedtak:

Fedje kommune fortsett med å bruke platforma «KF Delegering» for publisering, og arbeid med delegeringsreglementet.

Formannskapet - 083/21

F - behandling:

F - vedtak:

Fedje kommune fortsett med å bruke plattformen «KF Delegering» for publisering, og arbeid med delegeringsreglementet.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 072/21

K - behandling:

K - vedtak:

Fedje kommune fortsett med å bruke plattformen «KF Delegering» for publisering, og arbeid med delegeringsreglementet.

Samrøystes vedteke.